

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 14.05.2019

Til stades: Gunnar Dalseth, Sigmund Eiken, Marta Samland, Angunn Handegard Trå, Thorleif Gjernes, Ole Gisle Vassel og Kaia Gulbrandsen

Meldt forfall: Kenneth Vikane

Referent: Kaia

Sak 2019/30: Godkjenning av innkalling og dagsorden; godkjent.

Sak 2019/31: Godkjenning av referat frå styremøte 09.04.19; godkjent

Sak 2019/32: Tilstellingar:

- Evaluering bygdedugnad 27. april; alt ok, mykje godt arbeid utført. Litt mindre folk enn tidlegare, fleire oppteke med arbeid i vasslaget. Kulturstien 8. og 9. mai; fjerna to rotvelter og rydda kratt. Takk til alle som har vore med.
- Status Herandshelg 21. – 23. juni: Komité er i gang. Av program så langt har vi kontakt med Fartøyvernssenteret om ymse innslag. Me låner kyrkjebåten frå Jondal. Open verkstad hos Arjen. Jonsokbryllaup og fest på butikkplassen. Musikkinnslag. Natursti. Grillkveld på Vassel. Gudsteneste og kyrkjekaffi på sundagen. Fullstendig program kjem etter kvart. Neste møte 23. mai.
- Kongeparet kjem til Jondal 18.06. Me sender eit innspel der vi etterlyser eit innslag av 60 års jubilarnten Herand Musikklag ved besøket.

Sak 2019/33: Eigedomar:

- Lagerrom bak kjøken: Behov for isolering av bakrom, ventar på isolasjonsplater. Thorleif Gjernes gjer jobben når platene er på plass.
- Overtaking av Nilsaflaten ved Meieriet til kommunen (som del av fleire overtakingar): Oppmåling gjennomført 10. mai. Styret følgjer med i saka.

Sak 2019/34: Søknader/fristar etc.:

Søknad til kommunen om støtte til lagshus sendt.

Rapport til Hardangerstiftinga er under arbeid. Thorleif Gjernes gir eit tilbod på skifte av gjenstående vindauge i kulturhuset.

Sak 2019/35: Nominasjon av ny leiar / organisering av arbeidet

Det er ikkje funne ny kandidat til leiarvervet i bygdelaget. Fleire seier at dei vegrar for ansvaret ved leiarskapet. Må heile bygdelaget organiserast på ein anna måte? Valnemnda held fram arbeidet, Gunnar vert sitjande som avtroppande leiar inntil vidare.

Sak 2019/36: Eventuelt;

- Liste for stell av blomar/tømming av bos/plenslått på badeplass sommaren 2019 er laga. Me sjekkar med kommunen om dei som kjøpar av området tar ansvar for å slå gras og tømme bos på badeplassen i sommar.
- Tysdag 11.06 kl. 18.00-21.00 er det gratis kurskveld for frivillige lag i regi av Frivilligsentralen i Jondal. Tema er rekruttering av styrefolk. Bygdelaget oppmodar alle lagsfolk til å stille!
- Mowi har sendt innkalling til eit informasjonsmøte/dialogmøte om miljøsertifisering av sjøanlegget i Herand 21.05. Ole Vassel er til stades på møtet.
- Styret vil utarbeide ein søknad til støtte til div brannsikringstiltak og anna. Me gjentar førespurnaden til brannvernet i Jondal Kommune om ein brannteknisk gjennomgang på kulturhuset.

Neste styremøte tysdag 04.06.19 kl. 19.00 på Herand kulturhus.